



Attglymde syklar langs vegkanten er eit aukande problem, ikkje berre i Uskedalen, men over alt.

**Attglymde syklar langs vegane i Uskedalen er eit aukande problem. Det er godt brukande syklar, nokre er faktisk nye, som berre står i vegkanten eller vert slengde ned i grøfta. Mange set syklane fram slik at dei er godt synlege dersom eigaren eller andre vil ta hand om dei. Mange syklar berre står. Nokre vert henta av eigar.**

I Bergen set ein fram syklar på faste stasjonar som kan brukast av alle. I Uskedalen set vi sykkelen i vegkanten og let den stå. Etter ei tid vert sykkelen kasta i graset eller i eit uføre. Det er sikkert ulike grunnar til dette problemet. Ei årsak kan vera at sykkelen er tjuvlånt og plassert tilfeldig langs vegen.

Døme på syklar som er attgloymd i sommar, nemner vi:

- I nedkøyrsla til Børnes stod det lenge ein sykkel. Sykkelen var godt synleg for alle for bifarande. No er sykkelen borte.
- På Brekktoppen stod ein sykkel ei vekers tid. Truleg har eigar funne den.
- Ved Bedehuset stod lenge ein sykkel, som truleg kom frå Båthamna. Styret i Friluftslaget tok vare på sykkelen og står i dag på Stemneplassen
- På Kjærlandsido i vegen ovom Leite står ein godt brukande sykkel. Om ikkje nokon har henta den i det siste, står sykkelen i vegkanten
- Frå tid til anna står det syklar att i Beinavikjo. Eigarane er ukjende. Styret i Sameiga Uskedalen Brygge har teke vare på syklane ei stund. No er alt som var defekt, levert på SIM.

Uskedalen.no er merksam på alle syklane plasserte langs gjerde på vegen ned til skulen. Det er ei anna sak, eit dekorativt stunt frå aktivitetane på Festidalen. Syklane vert truleg fjerna før haust og vinter stundar til.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Ein sykkel stod lenge ved nedkøyrsla til Børneset Industriområde. Sykkelen er fjerna no.